

Kyrkjeblad


for Vestre Slidre



Øyjar kapell frå 1964. Stupul frå 1920-åra.

Kling no, klokka! Ring og lokka,
ring og lokka frå tusund tårn!
Tona um frelsa! Kalla og helsa,
kalla og helsa med fred Guds born!
Kling no, klokka! Ring og lokka,
ring og lokka frå tusund tårn!

Elias Blix



Juleandakt

Har du nokon gong sett lyset frå eit nyfødd lite menneskebarn? Sett lyset i augene og spedbarnets jamne hjerteslag? Har du kjent korleis ditt eige hjarte bankar av kjærleik og korleis det vesle barnet rører ved deg berre ved at det er til? Du har kanskje også opplevd korleis møtet med den vesle gir retning, ein håpsveg inn mot framtida.

Det siste året har vore, og er, prega av Covid-19. Mange har kjent på uro, ja også redsle og angst, for dagen i dag og for morgondagen. Alle lurar vi på korleis framtida vil bli.

Det har vore vanskeleg å halde avstand. Særleg krevjande har det vore for dei som har vore på sjukehus og ulike helseinstitusjonar, og deira næraste. Det å ikkje kunne gå på besøk eller ta imot besøk gir ei kjensle av einsemd og sorg.

Kvardagen med covid-19 viser oss kor samansett livet er. Vi har fått ei djup erfaring og må sanna at vår felles ståstad er at livet er sårbart.

Eg tenkte på dette då det var kyrkjejubileum i Tingelstad gamle kyrkje, St Petri, no i sommar. Der er det ein kopi av det gamle altarfrontalet, med Himmeldronninga; Maria med krone og barnet i hendene. Barnet stryk mor si varsamt på kinnnet og seier på denne måten at Gud kom med nåde og kjærleik.

Frå Maria på altarfrontalet i St Petri dirrar sangen om tru, mot og Guds tydelege vilje om rett og rettferd. Når alle har same Skapar og opphav så har vi også eit medansvar for kvarandre, i det nære men også ute i verda.

Å følgje etter det vesle barnet som vi feirer i jula, er å våge å gå inn i nye og ukjende landskap, ut frå evangeliets grensesprengande kraft til å opne livets kjelder og framtidshåp for alle menneske.

Gud kjem til jorda vår som eit lite barn, og kanskje er det nettopp fordi Gud veit kva det er å vere liten, at Gud også veit kva oppgjer med øydeleggande krefter er.



Altarfrontalet i Tingelstad kyrkje på Hadeland, St Petri. Frå omlag 1250 e. Kr.

Saman med menneske over heile jorda, hører vi, og lever vi, i juletonen som har ein klangbotn av eksistensiell einsemd. Lindringa kjem som glimt av å høyre til i noko som er stort, større enn oss sjølve.

Vi anar, kjenner att og trur på Jesusbarnets liv-gjevande og trøystefulle nærvær midt mellom oss. Kristi kjærleiks lys held oss fast, i sanning og håp for livet her og i alle æve. Saman med folk over heile verda syng vi difor om fred på jorda, om barnet som er fødd og lyset frå håpet som er gjeve oss.

Velsigna julehøgtid til dykk alle!

Helsing frå biskop *Solveig Fiske*

I hjartet er det plass!

«Er det plass til oss i herberget?» spør eg. Eit spørsmål eg har høyrst stilt kvart år på denne tida.

«Nei» får eg til svar. Han fortsett: «Ikkje det at det er fullt, men vi kan ikkje ta fleire inn. – Det er restriksjonar skjønar du. Vi kan ikkje ta imot så mange som før.»

Då spør eg skjelvande: «Men eg og vi – er slitne, ligg nede, er redde, kjenner oss einsame, kan kjenne oss utanfor og på det å ikkje meistre alt. Kvar skal vi no gå?»

Eg var sikker på at han ville visa oss bort. Eg håpa han skulle seie: «Det er plass i stallen», for den setninga har eg òg høyrst før.

Men ikkje noko av dette hende.

Stille høyrde eg han seia: «Eg har plass i hjartet mitt, viss det kan passe?»

«I hjartet? Kva meiner han med det?» tenkte eg. Også held han fram: «Og, eg har alltid tid til ein prat.»

Eg vart overrumpla. Vi blei ståande der å tala saman med ein god meters avstand. Avstanden som er omsorg no, nærleik og kjærleik.

Vi byrja dele ei historie om ein gut som ikkje ville vera med dei andre i familien ut for å sjå på den store julekrybba ved juletreet framom grendehuset.

Guten sat i rullestol. No orka han ikkje møte dei nyfikne blikka og alle kommentarane om han og stolen og beina og at han var annleis og ...

Heime åleine ble han sittande ved vindauget og sjå ut.

Med eitt såg han eit dempa ljøs i vindaugskarmen. Det var ikkje der før. Etterkvart syntest han det såg ut som ein engel. Det var rart.

Han oppfatta ei stemme seia at ho ikkje var noko spøkelse, men at ho kom innom folk iblant med gode nyhende. No var ho her for å gje han eit ynskje – sidan det var julenatt. Natta da himmel og jord smeltar saman. Ho sa at han skulle ynskje seg noko, og det ville bli sanning.

Guten måpa, men stamma fram: «Eg ynskjer det blir ... fred på jorda og at alle skal få nok mat og ...» Engelen



stogga han og sa at det er fint at han tenkjer på andre. Men, akkurat no skal han ynskje noko for seg sjølv.

Guten kjende seg ør. Kva er det som hender? Han såg seg om i rommet. Han kjente det som om alle leikene ropa til han at han no måtte ynskje seg friske bein. Endeleg var det mogleg. Friske bein. Dei liksom ropa ut at det var det einaste lure å gjera ...

Engelen fekk han attende frå tankane med spørsmålet: «Er du klar? Kva ynskjer du deg?»

«Eg ynskjer meg eit modig hjarte?» sa guten stilt. «Då treng eg ikkje vere redd for verken menneske eller framtida.»

Engelen var overraska. «Eg trudde du ville ynskje deg friske bein», sa ho.

Guten svara: «Det hjelper ikkje å ha friske bein eller ikkje vere annleis viss eg likevel alltid er redd for at dei andre skal synast at eg ikkje er god nok.» (Inspirasjon henta frå Framtidslandet IKO 1999)

Vi vart ståande der stilt saman.

Eit modig hjarte! Ja, det treng vi no.

Før vi gjekk kvar til vårt med den andre godt bevare i eiga hjarte, blei vi samde om at:

Vi treng modige hjarte til å møte dagane. Til å sjå kvar- ➔



andre. Modige hjarte til å rydde unna skuld og skam for så mykje, sjå forbi alt det. Vi treng modige hjarte som oppmuntrar kvarandre, og til å finna plass i hjarte til å bera mange. Denne jula treng vi mot, venleik, omtanke på ulike vis, og fellesskap i avstand meir enn nokon annan gong.

Barnet i krubba kjem med mot. Kjem med håp. Kjem med nåde. Til oss. Også no.

*Det hev ei rose sprunge
ut av ei rot så grann.
Som fedrane hev sunge:
Av Isais rot ho rann,
og var ein blome blid
midt i den kalde vinter
ved mørke midnattstid.
(Ns 33)*

Gud er i det høgste. Gud er i det lågaste. Alltid!

Signa julehøgtid!

* * *


Kanskje vi kunne laga venskapslenker og henge opp i vindauget samen med julestjerna i år. Ein meter venskapslenke som viser korleis vi alle er fletta saman?

Venskapslenker som viser at:

*Alt som skinner er ledd i ei lenke, liv etter liv, ord etter ord.
For alt det vi er, og alt vi har hatt, det skinner som stjerner
ei Betlehems natt, som Anne Grethe Preus skreiv i songen;
Alt det som skinner.*

Ein meter for tryggleik. Ein meter for omsorg. Ein meter for kjærleik. Ein meter for ro. Ein meter for å hjelpe. Ein meter for omtanke. Ein meter for avstand. Ein meter for innsats. Ein meter for drømmer. Ein meter for klokskap. Ein meter for håp. (Inspirasjon frå Diakonhjemmets adventsmeditasjoner nr. 32.)

Kongar eller vismenn?



Fargelitografi av O. Stemler etter blyanteikning av H. Hofmann 1887.

I julesalmane får vi ulike opplysningar om kven det var som kom frå framande land for å hylle barnet i stallen; Austerland eller Saba, – kongar eller vismenn? Då vi var små og song «Eit barn er fødd i Betlehem» og «Fager er den himmel blå» med stort alvor, lurte vi kanskje på korleis dette eigentleg hang saman. Kva heitte dei, kvar var dette diffuse «Austerland» hen og kvifor hadde dei ulik ansiktslet på bilda? Når så nokon av dagens skuleungar og låtskrivarar hevdar at det var Kasper, Jesper og Jonatan som var på ferde denne fyrste julekvelden, blir neppe forvirring mindre. Kanskje tida er komen for å sortere litt.

VISMENNENE

I Bibelen les vi ikkje om tre heilage kongar, men om nokre vise menn frå Austerland. I Matteusevangeliet finn vi ut at dei var stjernetydarar og såleis kunne observere ei ny stjerne på himmelen. I den såg dei teikn på at ein ny konge var fødd og rusta seg til reise – med kamelar og gåver – til Betlehem på barselvisitt. På vegen for dei innom Jerusalem for å høyre nærare om kvar barnet heldt til. Det skulle dei nok ikkje gjort, for då dette kom kong Herodes for øyra, fekk han fart på seg; ikkje for å gjera ære på den vesle, men for å drepa han. Straks sette han i gang med det som seinare vart kalla «Barnemordet i Betlehem». Medan

han administrerte dette, måtte det nyfødde barnet og foreldra hans, Maria og Josef, koma seg unna fortare enn svint, og vismennene skunda seg av garde for å nå fram til Betlehem før det vart for seint.

Stjerna deira stana til slutt over stallen der den ferske familien heldt til, og dei kom tidsnok fram så dei kunne knele for og tilbe den nye kongen. Så opna dei gåveskrina sine og bar fram gull, røykjels og myrra. På heimvegen la dei ruta utanom Jerusalem... Maria, Josef og vesleguten flykta til Egypt.

GÅVENE

Det står heller ikkje i Bibelen kor mange vise menn det eigentleg var, berre «nokre». Fordi det er tale om tre gåver; gull, røykjels og myrra, har ein i kristen tradisjon rekna med at det var tre gjevarar.

GULL er gull, – eit edelt metall, som av mange er rekna som kongen over alle metall – «Rex metallorum» – ikkje mindre enn det!

RØYKJELS, gåve nr. 2, – «luktekrydder» – mellom anna framstilt av stivna sekret frå boswellatreet – vart strøyydd



Gifts – Art I London – Marbella-new york.





Maria i blatt, Josef i gult bak henne, Jesus kyst av Melch, Casper knelar og Balth star.

på glødande kol for å spreie herleg ange. Både det og annan aromatisk smurning har i uminnelege tider vorte brukt – og høgt vurdert – av folk i Austen, og hørde med til fest og glede. Ei slik gåve var tegn på den høgaste akt og ære.

MYRRA, den tredje gåva, er ein velluktande balsam laga av harpiks frå lågt veksende kamfertrær og brukt til medisin, parfyme og balsamering av lik. Med andre ord ei god gåve til nytte i mange område av livet.

Desse gåvene var så kostbare og verdfulle at ein måtte vera av høg byrd for å ha råd til dei, Måtte dei kan hende vera gjevne av kongar?

Tre gåver står for tre sider av Jesu person; 1. kongeverd, 2. presteverd og 3. lækjedomverd. Herifrå kjem vel skikken med at vi gjev kvarandre julegåver i vår tid.

NAMNA

I mellomalderen, ca på 500-talet, dukka det opp legender som gav tilskot til forteljingane om dei vise menn. Dei fekk namn; Kaspar, Melkior og Baltasar, og dei vart knytte til kvar sin verdsdel – Asia, Europa og Afrika. Altså var det ikkje-jødar som saman med gjetarane var dei fyrste til å vitje Jesusbarnet. Dette tydeleggjer at Jesus var komen til verda for alle menneske si skuld, ikkje berre for jødane. Eit godt poeng er det å hugse at kristendomen er ein religion for alle folkeslag, alle menneske med alle hudfarger. Dette gjorde stort utslag i den tidlegaste kyrkja, då kristendomen vart ein sjølvstendig religion og ikkje lenger berre ei grein av jødedommen.

Dei tre heilage kongane vart snart eit kjært element i kyrkjekunsten, der dei lyser opp på bilda med sine fargerike drakter, staslege hovudplagg, prektig pynta kamelar og glitrande gaveskrin. Her ser vi ofte Baltasar framstilt som afrikanar. Ideen om at dei var kongar stammar frå boka åt Jesaja i Det gamle testamentet, kap. 60,

TRETTANDAGEN – HEILAGKONGARDAGEN

Den katolske og dei protestantiske kyrkjene feirar 6. januar til minne om dei tre heilage kongane. Dagen markerar og at den tolv dagar lange julefesten definitivt er slutt. Tida er no inne for å tende trearma lys – det er tre lys støypt i saman, til minne om dei tre tidlegare nemnde herrar. Ofte la ein litt krut der armane møttest. Når flammene nådde krutet, smalt det, og smellen skulle symbolisere det treeinige.

Kvelden før, 5. januar, vart feira av dei fyrste kristne som dagen for Jesu fødsel, før dei flytte han til 25. desember i 336. Denne heilagkongeaften tende ein gjerne juletreet for siste gong. No er denne skikken nesten utdødd i Nord-Europa, men held enno fram i spansktalande land.

Frå gamalt er dette ein viktig merkedag, på primstaven med tre kongar eller kroner. Det heitte at slik veret var på denne dagen, skulle det bli i tretten veker framover. Eit rim av mange om dette er: Heilagkongar klår gjev godt år. Noko ordknapt, men med eintydig meining.

Kva er det som lyser for vår fot?

*Deilig er den himmel blå,
lyst det er å se derpå,
hvor de gylne stjerner blinker
hvor de smiler, hvor de vinker
/: oss fra jorden opp til seg :/:*

*Det var midt i julenatt,
hver en stjerne glimtett matt
da med ett der ble å skue
en så klar på himlens bue
/: som en liten stjernesol :/:*

*Når den stjerne lys og blid
lot seg se ved midnatts tid
var det varslet i Guds rike
at en konge uten like
/: skulle fødes på vår jord :/:*

*Vise menn fra Østerland
dro i verden ut på stand
for den konge å oppleve,
for den konge å tilbede
/: som var født i samme stund :/:*

*De ham fant i Davids hjem,
de ham fant i Betlehem
uten spir og kongekrone,
der kun satt en fattig kone
/: vugget barnet i sin skjød :/:*

*Stjernen ledet vise menn
til den Herre Kristus hen;
vi har og en ledestjerne,
og når vi den følger gjerne
/: kommer vi til Jesu Krist :/:*

*Denne stjerne lys og mild
som kan aldri lede vill,
er hans guddoms ord det klare,
som han lot oss åpenbare
/: for å lyse for vår fot :/:*



På slutten av 1700-talet var Europa inne i den perioden som vi kallar opplysningstida. Dette var åndsstraumingar som var prega av trua på at fornufta og den vitskaplege tanke-måten skulle hjelpe folket ut av uforstandens mørke og inn i den lyse fridomen. Dette var ein grunnleggande periode for det moderne Europa, med vekt på dei kjende ideala «Fridom, likskap og brorskap», og ikkje minst var det i denne perioden at kristendommen sitt hegemoni for fyrste gong vart utfordra.

Heller ikkje kyrkjelivet gjekk klar av opplysningsideala, og trua vart sett under angrep frå filosofar som Voltaire, David Hume og Immanuel Kant – og kravet til teologien var som til andre delar av kulturen: Berre det av trua som fornuften kan gå med på, skal vi behalde. Innanfor slike rammer er det ikkje plass for mirakel, jomfrufødsel eller oppstandelse frå dei døde. Og dette sette sjølvstøtt også spor i salmebøkene. I 1798 vart Kingos salmebok erstatta av Evangelisk-Christelig Psalmebog, og denne held stand som offisiell salmebok i Noreg fram til Landstads salmebok kom ut i 1870. Boka var prega av den såkalla *rasjonalistiske* teologien, og julesalmane vart no luka for ugras som bethlehemsstjerne, stall og hyrdar. Tilbake sto kristendommen som eksponent for god moral og fornuftig livsførsel, men heller ikkje så mykje meir – bibelforteljningane var meir eller mindre luka ut.

I 1810 var den 27 år gamle Nikolai Fredrik Severin Grundtvig inne i ein kaotisk periode i livet sitt. Han har flytta heim →

frå København til Udby for å bistå den sjuke far sin i prestegjeringa, og han har store sjele kvaler. Midt mellom eit manisk og eit depressivt anfall skriv han «Dejlig er den himmel blå», ein salme med 19 strofer. Han spesifiserer at det er ein salme for barn. Året etter får han salmen utgitt i eit tidsskrift, med tittelen «De hellige tre Konger». Saman med salmen publiserer Grundtvig eit angrep på rasjonalismen og den fornuftsbaserte teologien. Han uttrykker med kraft at Evangelisk-Christelig Psalmebog er korkje evangelisk eller kristelig, og at ein må gå tilbake til salmar som formidlar og levandegjer bibelforteljingane. Og dette er det Grundtvig gjer i salmen.

Grundtvig kallar salmen for «De hellige tre Konger», men min påstand er at han eigentleg handlar om Bethlehemstjerna. Fyrste strofa set scenen der forteljaren tek med seg borna, ser ut på himmelen og får oss til å sjå for oss korleis stjernene, kvar einaste jul, blenkjer, smiler og vinkar ned til menneska, og kallar mennesket si merksemd opp mot himmelen. Den som er litt pirkete vil kanskje kunne innvende at himmelen neppe er blå når ein ser stjernene, men det får så vere. Vel så interessant er det kanskje å legge merke til at ordet «lyst» i andre linja ikkje handlar om lysttilhøve, men at det er ei fryd og ei lyst å sjå på stjernene.

I andre strofe og tredje strofe trekkjer forteljaren linja frå stjernehimmlen i dag og attende til år 0. Også den gong var det stjerner på himmelen, men mellom dei var det ei stjerne som utmerka seg – som ei sol. Og den gongen visste dei som hadde lese i kva gamle Bileam sa i 4. mosebok, at når ein såg ei stjerne stå opp over Israel, du skulle det bli fødd ein ny konge.

Dette visste vismennene frå austen, som salmen eigentleg skal handle om, og dei to neste versa i salmeboka handlar om korleis dei legg ut på ferd for å finne den kongen dei har lese om, og korleis dei då fann han i Bethlehem – utan scepter eller krone, men i fanget på «en fattig kone». I denne delen av teksten har versjonen i Norsk salmebok tapt mykje i forhold til Grundtvig sin lange original. I den

opphavlege teksten skriv Grundtvig utførleg om korleis dei først fann kong Herodes i Jerusalem og at stjerna leda dei vidare før ho stoppa over taket på stallen i Bethlehem, og etter at dei har sett Maria og Jesus, finn dei att stjerneglansen i barnet sitt auge. Dei fell på kne, ofrar gåver og tilbed bornet.

Så til sist følgjer to strofer der stjerna blir tolka inn i Grundtvig si samtid. På same måte som vismennene følgde stjernene til Jesus, kan alle følgje ei ledestjerne i dag, nemleg Guds ord i den heilage skrifta. Her syner Grundtvig motstand mot opplysningsteologien. Det er ikkje fornufta som *lyser opp* stien for mennesket, men gudsordet i Bibelen.

Grundtvig vart kanskje rasjonalismen sin mest kraftfulle motstandar i Danmark. Han skreiv salmar i kompromisslaus tru på krafta i forteljingane og ikkje minst det poetiske språket. Lyset for han kom slett ikkje frå fornufta, men frå gudstenesta og sakramenta, og han hadde ikkje noko tru på at det tørre, akademiske språket kunne seie oss noko viktig om Gud. Til det trengde ein bildespråket, metaforane.

Når eg skriv om denne salmen slår det meg kor utfordrande det kan vere å tilpasse gamle salmar til ei ny tid. Grundtvig sin opphavelge tekst har 19 strofer, og på den eine sida er det vondt å sjå kor mange gode poetiske poeng som går tapt når salmen er korta ned til sju vers – som likevel er ein lang salme i norsk målestokk. For vi kan jo ikkje syngje salmar på 19 vers i gudstenesta vår heller. Men likevel kjennest det omtrent ut som å lese eit samandrag av ein tekst med stor forteljarkraft og rikdom. Ein del detaljar har og gått tapt når ein omset salmen til bokmål, og enda meir om ein omset til nynorsk, slik mange av dei danske salmane vart på 1900-talet, og slik mange i Valdres har lært dei i skulen. Men på den andre sida – salmane overlever jo ikkje dersom vi ikkje tilpassar dei vår brukskontekst og ei meir moderne språkform. Men Grundtvig syng eg helst på eit fornorska dansk, i nødsfall på bokmål.

Revisjon av gudstenesteliturgien

I 2004 sette Kyrkjemøtet i gang ein prosess for å revidere gudstenesteliturgien og – musikken i Den norske kyrkja. Sidan den gongen har eit stort antall folk, nemnder, sokneråd og tilsette arbeidd med å finne ut av kva ei gudsteneste skal og bør vere. I den fyrste fasen av prosessen, fram til 2012 vart det opna opp for stor variasjon, både på det liturgiske og musikalske området. Sokneråda kunne mellom anna velje mellom heile 25 ulike seriar liturgisk musikk, og ei mengde alternativ til dei ulike ledda i ei gudsteneste.

Men etter denne innleiande fasa har fleire og fleire tatt til orde for at ein lett kan kjenne seg framand dersom ein går til kyrkje i eit anna sokn enn der ein normalt sett høyrer til. Etter initiativ frå Hamar biskop, Solveig Fiske, bestemte Kyrkjemøtet at det måtte til noko meir nasjonal standardisering. Dei siste åra har dette ført fram til nye liturgiske bøker som framleis har ein del variasjon, men langt mindre enn det det var tidlegare.

Desse bøkene har vi no lagt til grunn for ei varsam revidering av den gudstenesteliturgien var hatt i Vestre Slidre dei siste åra. Det er ikkje dei største endringane som er gjort til nå, men ordlydane er justert slik at dei er i tråd med dei nyaste liturgiske bøkene. Vi har utarbeidd ein liturgi for høgmessa og ein for familiegudstenester. Endringane har vore lagt fram i felles soknerådsmøte og for soknemøta i dei ulike sokna.

Sjølv om vi no har utarbeidd eit nytt forslag, søker vi og biskopen om rett til å arbeide vidare med og endre denne i året som kjem. Bakgrunnen for dette er at Berit Kristin er ny som sokneprest i kommunen, og at det har vore lite tid for henne, resten av staben og kyrkjelyden til å arbeide fram eit endeleg forslag. Vi oppmodar difor alle som har ei meining om korleis gudstenesta i Vestre Slidre bør vere, å ta kontakt med ein av dei tilsette i kyrkja for å seie kva de meiner. Vi lover å høyre godt etter.

Mi kyrkjebok 6

Kvart år får 6 - åringane i kyrkja ei bok under ei messe om hausten, her i Vestre Slidre er det gjerne i Lomen kyrkje dette går føre seg. Alle som er døypte, blir inviterte til kyrkje. Eg blir nysgjerrig på kva slag bok dette er, og får låne eit eksemplar på kyrkjekontoret.

Boka er utgjeven av IKO - forlaget. IKO er eit senter som vart oppretta i 1945, frå 1948 fekk det namnet Institutt for kristen oppseding, altså IKO. I 2003 skifta instituttet namn til Kyrkjeleg pedagogisk senter, men held på forkortinga IKO. Senteret arbeider i skjeringspunktet mellom religionspedagogisk forskning og praktisk formidling av kristen tru og tradisjon. Dei tilbyr kurs, rådgjeving, foredrag og materiell. IKO-forlaget vart oppretta som ei sjølvstendig eining i 1952.

Boka er innbunden, har 64 sider og er rikt illustrert. Innhaldet er variert, her er songar, med notar, teikneserie, bibelforteljingar både frå det gamle og det nye testamentet og sider om liturgi og kyrkjelege handlingar.

Teikneserien er god! To sysken, Bo og Nora, er gjennomgangsfigurar. Teikningane er tydelege, artige små vesen, mus og kjukling mellom anna, dukkar opp her og der, moro for meg, truleg for ungar òg! Teksten er ikkje moraliserande eller romantisert, Bo og Nora er heilt vanlege barn og finn stort sett gode løysingar sjølve.

Til boka er det også laga ei aktivitetsbok, her er det teikneoppgåver, fargeleggjingsoppgåver og oppgåver knytt til bibelforteljingane i leseboka.



Konklusjon:

Boka, med aktivitetsbok, gjev eit godt utgangspunkt for å bli kjend med kristen tru og tradisjon. Boka er meint for høgtlesing, og vil truleg vera eit godt utgangspunkt for undring og samtale. Lekker design, god bruk av fargar og kunst, tydelege og godt attfortalte tekstar frå bibelen. Aktivitetsboka byggjer godt opp under innhaldet i leseboka.

Babysong på grendakafeen

I samarbeid med helsestasjonen hadde kyrkja i Vestre Slidre babysong på grendakafeen i Slidre i oktober i haust. Fem flotte ungar frå 3-8 månader møtte opp for og synge, leike og vera ilag, og saman med trusopplærer Geir vart det ei triveleg stund for ungar og foreldre. Me håpar å få til fleire treff på nyåret, truleg blir det måndagar frå 12 - 14. Ta kontakt med kyrkjekontoret eller helsestasjonen om du lurar på noko.



Flotte Tårnagentar i Vestre Slidre!



Helga 14 og 15. november arrangerte kyrkja i Vestre Slidre tårnagenthelg for 4. og 5. klasse i kommunen. 12 flotte ungar deltok. Dei gjorde seg kjend med kyrkerommet gjennom leikar, spørsmål og skattejakt – høgdepunktet var nok å vere med opp i klokketårnet og ringe med klokkene!

I søndagens messe deltok ungane; ma blei dei intervjuva av trusopplærer Geir om kva dei hadde opplevd i helga. Sokneprest Berit Kristin hadde også oppgåver til ungane med lystenning og bønnevandring for å nemne noko. Ei flott helg for ungar og vaksne!



I høgtideleg prosesjon inn i kyrkja.



Spanande å prøve seg som ringar i Slidredomen.

Utdeling av 6-årsbok søndag 4. oktober



Anine Thon var ei av dei som fekk 6-årsboka, her saman med mor Stine.

Fleire av årets 6-åringar med familiar møtte opp i Lomen kyrkje søndag 4.oktober for å motta kyrkja si 6-årsbok. Det var stolte born som mottok kvar si bok og fekk vere med å synge songar frå boka. Prest Berit Kristin involverte borna i både prosesjon og preken. Det var også hausttakkefest denne søndagen. Difor vart eit stort fat med grønsaker bore fram til alterringen, og etter gudstenesta fekk alle plante lauk i krukker utanfor. Lauken blir ståande i prestegarden, og til våren kan me få sjå kor mykje dei har vakse gjennom vinteren. Lomen sokneråd sørga for saft, kaffe og heimebaka muffins.

Lys på gravene

Mange av oss tykkjer det er fint å setja lys på gravene i høgtidene. Ein fin skikk, ein fin måte å minnast på! Men, det er problem med denne skikken, nemleg kva slag lykter me set på grava. Billege lykter i plastikk med blankt metallok har vorte eit miljøproblem overalt i landet, og fleire sokneråd har no sett seg nøygde til å forby slike lykter.

Kva er så problemet? Fleire fugleartar er glade i stearin, og tek difor med seg lyktene. Restene slemper dei ned der det fell seg, ved våre kyrkjegardar ofte på dyrka mark. Denne harde plastikken, og metalloka, blir med i føret og er svært farleg for husdyra som får i seg desse skarpe bitane.

Sokneråda i Vestre Slidre har gjort slikt vedtak:

Eingongslykter skal ikkje brukast på gravene. Lykter brukt på gravene må stå godt fast og skal ikkje ha lause delar.

Me skal ikkje drive med produktreklame i kyrkjebladet, men ver snille å undersøkje marknaden, det finnst gode lykter som er trygge for fe og fuglar!



Barneside



1. Fargeleggingsbilde.

Her ser du bilde av 3 kongar frå juleevangeliet. Hugsar du

- kva dei heitte
- kva for ein by dei skulle til
- kven dei skulle vitje

Fargelegg bildet.

3. Hjernetrim – klarar du 5 rette?

- I kva for eit land heiter hovudstaden Paris?
- Kva for eit landdyr er det største i verda?
- Kva for sport dreiv Maradona med?
- Kva for slags tre har kvit bork med gråsvarte flekkar?
- Kvar kjem eigentleg pizzaen i frå?
Namn på landet.



2. Her ser du nissen Nils.

Han har pakka 4 sekker. Det skal vera 9 gåver i kvar, men nokre av gåvene er borte! Kan du teikne inn nye gåver slik at det blir rett mengde i kvar sekk?

Etterpå kan du skrive reknestykkje som viser kor mange gåver du måtte legge til kvar gong.



5. JULEANAGRAM

Set bokstavane i rett rekkjefylgje for å finne orda som alle har noko med jula og gjera. Fyrste bokstav er sett på plass.

- TRUJELE – J
- ENTRESJ – S
- KÅKEGEVS – G
- MEBHELEMT – B
- SUBATNERSJ – J

Gåveynskje til sokna i Vestre Slidre

Vi veit at mange er glade i kyrkja i Vestre Slidre, og kan hende det er fleire som kan synast det er meningsfullt å bidra med gåver.

Redaksjonen har difor oppmoda alle sokneråda til kome med gåveynskje til sine sokn.

Sokna ynskjer seg følgjande:

Lomen sokn: Pengar til ny inngangsport i smijern.

Slidre sokn: Pengar til barne – og ungdomsarbeid.

Røn sokn: Pengar til puter i benkjene og til omtrekking av brudestolane.

Om du ynskjer å gje ei gåve øyremerka desse formåla, kan du vippe eller overføre til konto:


Lomen: Kontonr. 2153.60.07250, vipps 137884

Slidre: Kontonr. 2153.20.03528, vipps 109786

Røn: Kontonr. 2153.20.03420, vipps 105863

NB! Hugs å merke betaling med kva det gjeld (td smijernsport Lomen)

På førehand takk!



4. JULESODUKO

Fyll rutene med det som manglar slik at alle radene får 4 ulike ting, både vassbeint og loddbeint.



SVAR:
 1 a) Baltasar, Melkior og Kaspar
 2) $7+2 = 9$, $8+1=9$, $6+3=9$, $5+4=9$
 3 a) Frankrike, b) Elefanten, c) Fotball, d) Bjørk, e) Italia
 5 a) Juletre, b) Stjerne, c) Gåvesekk, d) Bøttehem, e) Jesusbarne

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Oktober – desember 2020

Døypte	Lomen sokn:	11.10	Fillip Belsheim Egge (døypt i Vang kyrkje)	
Vigde	Lomen sokn:	17.10	Guro Tuv og Christian Angell Røkke (busett i Oslo)	
Jordfesta	Slidre sokn:	23.10	Berit Kjerstina Breivik	f. 1941 (urne)
		13.11	Jenny Bergliot Bråten	f. 1930

Gåver til kyrkjebladet i 2020

Knut Oddvar Berglid
Trude og Ove Bråten
Sigrid Rognes
Anne Lise Hamre Huseby
Johan Trygve Stormyren
Harald Lome
Kari Ulvsløkk Røn
Øyvind Magistad Berge
Odd Jørgen Sørensen
Marit Kaata
Ellen og Ola Røn
Inger Helen Tvenge
Familien Knut Hande
Rønnaug Trøen
Astrid og Arne Øygard
Kari og Per Johnsen
Dorthe Marie Høyne
Torill Viste
Oddny og Bjørn Røn
Britt Wikerholmen
Kirsten Rostbøll
Liv og Jørgen Kolstad
Berit og Gunnar Breivik
Ingrid og Birger Wangensteen
Ragnhild og Ingar Myrheim
Kari Volden
Anna Myrvang
Marit og Olle Rosendal
Turid Berge
Ruth Marie Røn
Randi og Endre røn
Astrid og Nils Anmarksrud
Aud og Sigmund Lisjordet
Joan og Leif Homme
Marianne og Gunnar Hamre
Gunnar Hauge
Anne Holden
Eli-Janne og Per Einang
Anne Marie Gustavsen
Torill Trøen
Trygve Rogn-Hamre
Reidun og Ola Frigstad

Anne og Bjørn Viken
Knut Skrindsrud
Anne Berit Strømmen Strand
Reidar Haugen
Jon Kvale
Jorunn og Ola Einang
Esther Johme
Tove og Jan Martin Hambro
Ruth og Odd Steinar Kirkeengen
Ingebjørg Fosheim
Helge Leirhol
Ola Riste
Bente og Karin Qualben
Inger og Endre Bunde
Helfrid og Kjell Otto Tvenge
Solveig og Leif Bergheim
Randi Reishaugen
Nils Einar Ormestad
Gerd Tuvmarken
Kjell Trøen
Geir Egil Strømmen
Målfrid Kirkeengen
Trine Geicke Kolbjørnshus
Brita Siri Nesja
Marit og Eivind Riste
Kjellaug Trøen
Arne Hamre
Astrid Kvissel
Kari og Ivar Ringestad
Maren Åse Fauske
Marit Skogstad og Sigrid Stenersen
Marit og Knut Lome
Solveig og Ivar Hamre
Marit Anny Løken
Kristine Totlandsdal
Marit Høyne Tørstad
Sigrid Strømmen
Knut Fystro
Kristine Tande
Finn Oddvar Carlsen
Anne Grethe og Ola Magne Solberg
Liv Aarhus

Anna Helga Ringen
Eivind Hande
Ole K.Dalen
Gerd og Ola Birger Ødegård
Dagny Kjøs
Gullik Stee
Oddrun og Gunnar Kverneggen
Ingunn Snortheimsmoen
Ragnhild Strømmen
Anne Karin og Johnny Truberg
Anna og Ola Tande
Nils Dokkehaugen
Olav Oddgeir Haugli
Leiv Hamre
Marit Trøen Tvenge
Jorunn og Bjarne Lome
Berit Garvik
Mari Røn
Annie Reidun Stee
Else Skåren
Solveig Lagrud Berger
Gro Vera Neste Christiansen
Annvor Kvale
Gerd Bergum
Inger Astrid og Rolf Nordberg
Inger Johanne Fosheim
Ola Egge
Rigmor Eidså og Aslag Hamre
Oddvar Olav Thon
Marit E. Viste
Olaug Volden Hegge
Ingebjørg og Magne Moe
Inga Engen
Oddbjørg Ulvestad
Gudrun Gram
Anne Ødegård
Steinar Neveland
Lilabeth Okoso og Ole Fylken
Margit og Synnøve Bratvold
Ingebjørg og Ole Høyne

MESSELISTE

Dato	Dag	Tid	Stad
JANUAR			
01.01	Jesu namnedag	19.30	Øyjar
03.01	Kristi openberringsdag	11.00	Slidredomen
10.01	2. s. i openberringstida	Frihelg	
17.01	3. s. i openberringstida	11.00	Lomen
24.01	4. s. i openberringstida	11.00	Røn
31.01	Såmannssøndag	11.00	Slidredomen
FEBRUAR			
07.02	Kristi forklåringsdag	11.00	Lomen
14.02	Fastelavnsøndag	Frihelg	
21.02	1. s. i fastetida	11.00	Røn
28.02	2. s. i fastetida	19.30	Slidredomen
MARS			
07.03	3. s. i fastetida	Frihelg	
14.03	4. s. i fastetida	11.00	Røn
21.03	Maria bodskapsdag	11.00	Slidredomen
28.03	Palmesøndag	11.00	Lomen

I den særskilde tida vi står i no, kan situasjonen endre seg raskt. Vi må forhalde oss til retningslinene som styresmaktene gir oss, og innrette oss etter dei. Det betyr at gudstenester og/eller anna arrangement i kyrkja kan bli avlyst på kort varsel. Vi ber dykk om å respektere dei tiltaka vi har ved kvart arrangement og hjelpe oss så godt de kan med å overhalde dei gjeldande smittevernreglane. Endringar vil bli annonsert på kyrkja si nettside og facebookside, kan hende også i avisa.

På kvar messe blir det tatt opp takkoffer. Kven som mottek offeret blir opplyst om på gudstenesta.

Gudsteneste Juleaftan i Vestre Slidre – PÅMELDING

Også i år blir det gudstenester i alle kyrkjene. Tidene finn du lengre nede på sida.

Pga Covid 19 gjeld avstandsregelen fortsatt og pga både plassbegrensning og moglegheit for smittesporing må vi ha påmelding. Påmelding kan gjerast via denne lenken: <https://www.checkin.no/q/12508> eller ved å ringje kyrkjekontoret i kontortida; mellom kl.09.00 og 15.00: Tlf. 6134 5095. Påmelding startar måndag 14.12 kl. 09.00 og held fram til torsdag 17/12 kl.15.00. Eventuelle ventelister blir sett opp pr. tlf.

Forutan dei tilsette vil det vere plass til 50 personar i Lomen kyrkje og 50 i Slidredomen. I Røn kyrkje vil det vere plass til 60 personar fordelt på 2 gudstenester med plass til 30 på kvar.

Vi er lei oss for og ber om forståing for at ikkje alle som ynskjer det kan få plass i år. Om du får plass og likevel ikkje kan møte, ver grei å gje beskjed raskast mogleg, slik at dei som står på venteliste kan få plassen din.



**Velkomen til
juleaftans
gudsteneste!**

Gudsteneste 1. juledag og 1. nyårsdag

1. juledag blir det gudsteneste i Slidredomen kl. 11.00 (50 plassar)

1. nyårsdag blir det kveldsmesse i Øyjar kapell kl. 19.30 (20 plassar)

Også her må vi ha påmelding, enten via denne lenken: <https://www.checkin.no/q/12508> eller på tlf til kyrkjekontoret i kontortida: Tlf. 6134 5095. Påmelding kan skje mellom 14. og 18. desember.

NB! Informasjon om påmelding kjem i avisa Valdres og på kyrkja si nettside og facebookside 12. desember. Om du får kyrkjebladet etter den datoen kan det allereie vere fullt på dei ulike julegudstenestene.

Kyrkjekontoret vil følgje opp med info på kyrkja si nettsida og facebookside etter påmeldingsfrist om det fortsatt er ledige plassar.

Oversikt over julegudstenestene

Juleaftan kl. 14.00: Lomen kyrkje

Juleaftan kl. 14.45: Slidredomen

Juleaftan kl. 15.30: Røn kyrkje

Juleaftan kl. 16.30: Røn kyrkje

1. juledag kl. 11.00: Slidredomen

1. nyårsdag kl. 19.30: Øyjar kapell

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope måndag – torsdag frå 09.00 – 15.00.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Berit Kristin Klevmoen	61345052 93231814	Sokneprest	bk788@kyrkja.no
Veslemøy Kvamme	61345095 95868588	Kyrkjevevjerje	vk766@kyrkja.no
Are Alund	99734175	Kantor	aa655@kyrkja.no
Geir Kongslie	61345098 92887778	Trusopplærar og Kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester	
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
		Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel	
		Ringjar i Slidre	
		Reinhaldar i alle sokna	
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>
Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!



Ei god og fredelig julehøgtid og eit godt nytt år!

*Helsing frå oss i redaksjonen
Johanna Fuglesteg, Sigrun Sørensen, Anne Karin Ruud Truberg,
Per Olav Eide, Are Alund og Veslemøy Kvamme.*

E-postadresse til kyrkjebladet: vskyrkjeblad@gmail.com



Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

Valdres
Gravferdsbyrå
Henning Andersen



ARBEIDSKRAFT
VALDRES

Tveitabru
tveitabru.no **Bygg AS**


Røkfisk
FRA VALDRES

TRØSVIK GÅRD
v/Audun og Andris Øygard
2967 Lomen
Tlf.: 61 34 38 18 Mobil: 950 71 795

Takk til annonsørane for støtte til kyrkjebladet!